



RYDDING AV MARINT HERRELAUST AVFALL

I prinsippet er strandrydding basert på dugnad og friviljug innsats og vi oppmodar frivillige, skuleklassar, lag, organisasjonar og gjerne bedrifter til å vere med på strandryddedugnad på kysten og i fjordane av Sogn og Fjordane. Dette gjeld marint herrelaust avfall.

Fjordkysten Friluftsråd samarbeider med Naturvernforbundet Sogn og Fjordane og Kystlotteriet som igjen har samarbeid med Sunnfjord Miljøverk.

Kystlotteriet er eit samarbeid mellom lokalbefolkninga, lokalt og regionalt næringsliv samt ulike sponsorar og samarbeidspartar som tar sikte på å rydde kystlina for marin forsøpling og gje det ny verdi gjennom premiering.

Vi har difor 2 ordningar no for strandrydding;

1. Kystlotteriet har plassert ut sekkar i nær alle kommunane av Sogn og Fjordane. Fyll opp ein sekk, fyll ut opplysningane på loddsetelen som fylgjer med, fest den venstre delen til sekken, ta vare på kvitteringsdelen og send inn adressedelen til;

Naturvernforbundet, Rennekleiva 33, 6812 Førde, e-post;
sognogfjordane@naturvernforbundet.no

Du vil då verte med i trekning og kan vinne ein premie. Sekken kan du levere til bossbil, mottak, utplasserte containere for strandrydding eller ringe/gje beskjed til tlf. **57 72 41 50**
<http://www.sum.sf.no/strandrydding> slik at sekken kan bli henta.

2. Tilskotmidlar frå Miljødirektoratet til Fjordkysten Friluftsråd

Vi har søkt på midlar der vilkåra for bruk er desse;

- Transport og innlevering av avfall til godkjent mottak etter opprydding av marin forsøpling,
- Arbeidet med oppryddinga skal være basert på friviljug innsats og kan ikkje støttast av denne tilskuddsordninga.
 - Innleige av profesjonelt mannskap for rydding av områder som ikkje kan gjennomførast av friviljuge (her sårbare naturområde, utilgjengelege område), kan likevel støttast i visse tilfelle, der kor dette er naudsynt.

- Vi har noko motivasjonsmidler for deltaking til strandrydding og skal gå til **allmennyttige formål** og delast ut til lag og foreningar.
- Koordinering av ryddeaksjonar.

3.Korleis opprette/registrere ein ryddeaksjon;

1. Ryddeaksjonane må registrerast i ryddeportalane

<https://holdnorerent.no/ryddeportalen/>

Når ein registrerer ryddeaksjon kan denne knyttast opp mot Fjordkysten Friluftsråd.

For dei som ryddar i Solund må også aksjonen registrerast her

https://www.nordhordlandskart.no/ngir_strandrydding .

2. Ryddeaksjonane skal vere avslutta.

3. Tal kilo/tonn innsamla avfall skal registrerast i ryddeportalen. Alle sekkar som leverast inntil aksjonen sin koordinator har eit skjema med kor vedkomande kan registrere det som erlevert inn på eit felles skjema.

4. Kvar utgift kan ikkje søkjast refundert i meir enn éin søknad.

5. Utgiftene skal dokumenterast.

6. Tiltaket skal gjennomførast i henhold til gjeldende lovverk og må blant anna vere i tråd med bestemmelsar om vern og ferdselsforbod.

7. Tiltaket må leggjast opp slik at det i minst mogleg grad skader plante- og dyreliv og miljøet.

8. Sikkerheten til alle som deltek må ivaretakast på eige ansvar, men vi legg ved ein link som syner trygg utføring av strandryddinga.

<http://holdnorerent.klappmedia.no/wp-content/uploads/2016/09/Sikkerhetsveileder.pdf>

NB andre viktige punkter

Rapport om utført tiltak slik skissert over med dokumenterte utgifter sendast;

Fjordkysten Friluftsråd

Kommunehuset, pb.73, 6924 Hardbakke.

evt. på e-post; bjarte@friluftsrad.no